

Almenningen, 14.10.14

**Klage på avslag om skuleskyss (dykkar saksnr. 14/4751-21, 08.10.14)**

Eg viser til brevet mor mi sendte 01.10.14 om denne saka og ønskjer no å klage på at de har vedtatt at eg ikkje skal få gratis skuleskyss.

Grensa på 6 kilometer har vore slik i fleire år, og opp gjennom alle tider har elevar frå Almenningen fått skuleskyss pga. farleg skulevei, sjølv om avstanden er under 6 kilometer. Eg går no 3.året på Måløy vgs, og skal gå her 4 år tilsaman (går TAF-linja). Dei to fyrste åra fikk eg skuleskyss, kvifor har de endra praksisen i år??

Eg veit om medelevar som bur i Måløy som får skuleskyss, sjølv om dei ikkje kjem over 6 kilometer-grensa. Desse har også fått skuleskyss dei siste to åra, og får det i år også. Dersom de velger å håndheve regelen på 6 kilometer, må det gjelde ALLE elevar, ikkje bare meg. Eg er riktignok den einaste eleven frå Almenningen i år som treng skuleskyss til vgs, men neste år kjem det til å vere 4 stykker til. Då kjem det nok sikkert til å bli same reaksjonane dersom disse elevane ikkje får gratis skyss.

Heilt konkrete eksempel (eg velger å ikkje namngje nokon av medelevane mine):

Elev buande i gate 4 som har 5,1 kilometer til Måløy vgs, får gratis skuleskyss. Ein annan elev med adresse i Idrettsvegen, gate 4, får også skuleskyss. Her er det snakk om ca. 4,8 kilometer. Kvar er logikken i dette?? De skriv i avslaget at vi som går på vgs skal vere gamle nok til å ferdast i trafikken sjølv om tilhøva ikkje er dei optimale. Elevar som bur i Måløy har gatelys langs vegane i Måløy, gangvei og opplyst skulevei over heile Måløybrua, derifra fin og brei gang- og sykkelvei heile vegen fram til skulen. Mens eg skal altså måtte gå i vegkanten på ein trafikkert riksvei 15 ifrå byggefeltet i Almenningen, over Almenningsfjellet, gjennom tunnelen (der er riktignok eit «fortau» der ein kan ferdast «trygt»), vidare ned mot skulen på riksvegen – her er verken gangvei eller sykkelvei, eller noko gatelys! Og dette i all slags vær og føreforhold!

Dersom nokon i fylkeskommuna har vore her ute og målt opp avstanden, burde dei vel også sjå på tilhøva på denne strekninga, for dei er absolutt ikkje optimale, dei er trafikkfarlige! Vegen er det eg vil kalle «særlig farlig og vanskeleg skuleveg», jmf. Opplæringslova § 7.1. Skulle dokke likevel velje å vere så rigide på denne regelen, oppmodar eg einkvan som har med skuleskyss å gjere i fylkeskommuna om å komme ut og ta turen ilag med meg ein vanleg uværssdag ute ved kysten, når det er mørkt om morgonen og mørkt om ettermiddagen når eg skal heim frå skulen.

Eg håpar at de velger å snu i denne saka, slik at eg får ein trygg skuleveg i buss til og frå skulen, og at framtidige elevar slepp å ta opp same problematikken i framtida.

Helsing Mathias Edler